

Johan Vaa

Dato: 24.04.2025
Vår referanse: 2025/631-5
Sakshandsamar: Turid Opsund

Innføring av ferdselsforbod av omsyn til villrein

Syner til brev frå deg med spørsmål knytt til regulering av ferdsel knytt til villrein. Eg har skrivne svar under kvart av spørsmåla dine og vonar det er gjev deg svar på det du lurar på.

1. Kva for lovheimel har ein sett for seg for å få gjennomført nemnde tiltak?

Plan- og bygningslova 11-11 nr 6 gjev kommunen adgang til å regulere ferdsel i områder med særskilte verneomsyn. I Ot.prp. nr 32 (2007-2008) side 224-225 er kalvingsområde for villrein trekt fram som eit eksempel på eit slikt område.

2. Frå Turid Opsund har eg fenge oversendt eit kart med nokre innteikna grensar. Kven har teikna dette kartet, på kva for grunnlag, og kva er grensene meint å indikere?

Kartet er henta frå arbeidet med kvalitetsnormen for Hardangervidda og syner ulike fokusområder for villrein. Det er områder der det er, eller ein fryktar at det kan bli, utfordringar for villreinen pga arealinngrep og menneskleg aktivitet. Utfyllande informasjon om kartet, grensene, grunnlag osv finnst på nettsida villrein.no ([Delnormtrehardangervidda | Villrein](#)).

3. Når ser ein for seg å fremje saka for kommunestyret fyrste gong, og når vil endeleg handsaming etter høyring bli?

Saka frå Ad-hoc utvalet om «Framlegg til tiltak for å gjere tilhøva til villreinen i Vinje kommune betre» kjem til handsaming i plan- og miljøutvalet 30. April og til kommunestyret 27. Mai.

Kommuneplanens arealdel kjem til handsaming i Plan – og miljøutvalet 21. mai og Kommunestyret 27. Mai. Dersom planen vert lagt ut på høyring i Mai, vil høyringsperioden bli frå Juni-August. Endeleg handsaming av Kommuneplanens arealdel vil bli vinter 2025/2026.

Med helsing

Turid Opsund

sakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakrar:
Johan Vaa

Kopi til:
Truls Vaa
Ingebjørg Hestetun